

LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 16.08.2017  
Vår ref.: 2017/1588-19  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## Fråsegn - Høyring og offentleg ettersyn av detaljregulering for Langøy-Ospeneset akvakulturområde - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 30.06.2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Langøy/Ospeneset. Hovudføremålet i planen er akvakulturområde. Føremålet er delvis i strid med kommuneplanen og kommunen har difor vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 07.04.2017.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

### Vurdering

#### Generelt

Bakgrunnen for reguleringsplanen er å utvide areal for matfiskproduksjon på dei to eksisterande lokalitetane Langøy og Ospeneset, samstundes som ein vil fjerne akvakulturområdet ved Ådnøy. Tiltakshavar er Eide Fjordbruk AS, som ønskjer ei snarleg planavklaring av området for å kunne gjere driftsendringar på lokalitet Ospeneset i september 2017. Det er opplyst at ein ikkje ser det som realistisk å få ei slik arealavklaring gjennom rullering av kommuneplanen sin arealdel, og tiltakshavar har difor ønska å køyre ein reguleringsplanprosess for området der desse anlegga er lokalisert.

Som nemnt i fråsegn til melding om oppstart ser Hordaland fylkeskommune det som lite hensiktsmessig med ein fast praksis med krav om reguleringsplan for akvakultur i sjøområda, og at kommuneplanen normalt er eit tilstrekkeleg nivå for å avklare arealbruk etter plan- og bygningslova. Kommuneplanprosesser tek likevel lang tid, og det er ikkje alltid hensiktsmessig å vente på slike langvarige prosesser. Hordaland fylkeskommune meiner denne saka syner at i tilfelle kor ein ønskjer raskare planavklaring i område som ikkje er sett av til havbruk i kommuneplanen, kan reguleringsplan vere eit eigna verktøy.

Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing av tiltaka i planen. Hordaland fylkeskommune meiner utgreiinga er gjennomført på ein grundig og fagleg god måte, og at den gjev eit tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere planens konsekvensar.

#### Akvakultur

Fylkeskommunen meiner at det er viktig å leggje til rette for havbruksnæringa. Ein avgjerande faktor for å kunne utnytte havbruksnæringa sitt produksjonspotensial er tilgang på eigna areal til sjømatproduksjon, og at areala som vert sett av til dette formålet, vert utnytta på ein best mogleg måte.

Planframlegget legg til rette for å utvide arealet til dei eksisterande akvakulturanlegga på lokalitetane Langøy og Ospeneset for å kunne utnytte akvakulturløyva som er knytt til lokalitetane. Akvakulturformålet ved Ospeneset og Langøy er justerte og utvida i samsvar med innsend skisse for anlegget verksemda ønskjer etablert hausten 2017. Dersom reguleringsplanen og omsøkt lokalitetsklarering for Ospeneset vert godkjent hausten 2017 er stort sett heile dette akvakulturarealet teken i bruk. Sjøområda som vert sett av til akvakulturområde bør vera store nok til å dekke behovet for å skifte ut og justere anleggsplassering. Blir områda for avgrensa kan dette vanskeleggjere utskifting og endring av anlegg innanfor arealplanen. Reguleringsplanen bør ha ein planperiode for fleire år framover.

Planen legg opp til at arealet kor sjølve anlegget er plassert, er sett av som einbruks akvakulturområde, og areal for fortøyingane vert regulert i føresegner. I tilknytning til areal for akvakultur ligg fleirbruksområde for akvakultur og ferdsel, kor det er tillate å gjere justeringar av anleggsplassering og mindre endringar. Det er tenkt at framtidige justeringar av anlegget, som endringar av teknologi for anlegg og andre driftsmåtar, skal komme i desse områda. Hordaland fylkeskommune meiner dette er ein god måte å planlegge for akvakultur på. Dette vil sikre naudsynt fleksibilitet for verksemda, som utviding av anlegg, utskifting av anleggsdelar og endringar til annan type anlegg.

Vi viser til vår fråsegn til oppstart av planarbeid og høyring av planprogram av 07.04.2017. Vi er positive til at våre merknader i stor grad er tatt inn i reguleringsplanen, men vi har likevel nokre merknader når det gjeld føresegnene.

Fylkeskommunen påpeikte i fråsegna at ein kommune gjennom arealplanar ikkje kan fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold om for eksempel produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjeld lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormyndene har tilsynsansvar. Hordaland fylkeskommune meiner dette i stor grad er følgt opp i reguleringsplan for Ospeneset og Langøy, sjølv om fleire av føresegnene vert i stor grad regulert i akvakulturregelverket og anna regelverk.

Hordaland fylkeskommune meiner føresegn 4.5 bør tydeleggjere kva som kan søkast om innanfor det kombinerte føremålet «ferdsle og akvakultur» slik at dette ikkje vert eit tolkingsspørsmål i oppfølginga av planen. Ein bør her nytte nokre av dei same formuleringane som i føresegn 4.2 og i tillegg supplere med «Tiltak eller inngrep som er i konflikt med ferdsle eller akvakultur er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for nødvendig fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett».

Fylkeskommunen tilrår vidare at krav om godkjenning av kommunen ved justering av plassering og mindre endringar av anlegget blir tatt ut av føresegn 4.5. Slik det er formulert, med førehandsgodkjenning frå kommunen, vil det redusere planen sin føreseielegheit, då det ikkje er kjent på førehand kva justeringar og endringar som kan godkjennast eller på kva måte denne godkjenninga skal gjerast. Førehandsgodkjenning vil og skape ekstra sakshandsamingstid, då alle søknader i dette arealet først må godkjennast i kommunen, og så sendast til ordinær handsaming etter akvakulturregelverket. Det er Hordaland fylkeskommune si tilråding at det blir gjeve tydelige føresegner som klargjer bruken av arealet ferdsel og akvakultur.

Ein kommunal godkjenning av tiltak under reguleringsplannivå vil vere å rekne som ei byggesak. Vi viser til byggesaksforskrifta §4-3 punkt f, som gir unntak frå søknadsplikt etter plan- og bygningsloven for flytande akvakulturanlegg i sjø med godkjenning etter akvakulturlova. Hensikta med reguleringsplanen er først og fremst ei avklaring av arealdisponeringa i sjø, men dersom kommunen vil stille krav til utforming av anlegget må dette bli gitt direkte gjennom føresegnene til reguleringsplanen, og ikkje via krav om godkjenning på byggesaksnivå. Vi ber om at dette vert følgt opp i vidare prosess.

Behovet for detaljerte føresegner må vurderast opp mot at det vil kome ei etterfølgjande lokalitetsklarering etter akvakulturregelverket som kan ivareta, og ta vidare eventuelle lokale innspel frå kommunen i samband med offentleg utlysing og den kommunale uttalen. Sakshandsaminga etter akvakulturregelverket ivaretek omsyn til verneinteresser samt annan interesseavveging, miljømessig forsvarlegheit, fiskehelse, mattryggleik, sjøverts ferdsel osv.

Landskap

Planområdet ligg innafør det regionale landskapsområdet Austefjorden. Landskapet er kjenneteikna av breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar. Omsynet til landskap er drøftingstema i konsekvensutgreiinga for planarbeidet. Hordaland fylkeskommune stiller oss bak konklusjonane om at tiltaket vil ha liten negativ konsekvens for landskap. Vi er likevel positive til at det i føresegnene § 4.2 er tatt inn føringar for farge- og materialbruk som skal dempe anleggets uttrykk og verknader på omgjevnadene.

Naturmangfald

Fylkesplanen for Hordaland seier at Hordaland skal verna om biologisk mangfald og verdifulle areal- og naturressursar på land og i sjø, som strandsona, friluftsområde med regional verdi, større inngrepsfrie område og kulturmiljø. Vi ber om at vidare planlegging har omsyn til dette.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

I samband med oppstart av reguleringsplan for Langøy-Ospeneset akvakulturområde i Lindås kommune varsla Bergens Sjøfartsmuseum at dei kjem til å krevje marinarkeologisk registrering av området når planen vert sendt på offentleg ettersyn, jf. vårt brev datert 05.04.2017. Bergens Sjøfartsmuseum krev ved dette som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved kulturminnelova, §§ 9 og 14, undersøkingar av om det kan vere skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i planområdet. Etter §§ 9 og 10 i kulturminnelova har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Hordaland fylkeskommune ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum angående gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då utarbeide eit budsjett for registreringane. Budsjettet må vere godkjent av tiltakshavar før feltarbeidet kan gjennomførast.

**Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld akvakultur og kulturminne. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REGIONALAVDELINGA

Vibeke Saure Lokøy, klima- og naturressursseksjonen – REGIONALAVDELINGA

Monoka Serafinska, fylkeskonservator – KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND